

V E D T E K T E R for Seniornett Førde

§ 1. NAMN

Foreiningas namn er **Seniornett Førde**.

Seniornett Førde er ei sjølvstendig dataforeining med eige styre og økonomi.

Foreininga er registrert i Brønnøysund-registeret med eigne vedtekter, og har eigen bankkonto. Seniornett Førde er medlem i Seniornett Norge, og har rett til å bruke logoen til Seniornett Norge.

§ 2. FORMÅL

Seniornett Førde er ein ideell og politisk nøytral interesseorganisasjon for seniorar (55+):

- Som vil lære seg å bruke IKT
- Som vil bruke foreininga som ein fagleg og sosial møtestad og eit nettverk
- Som kan samarbeide med andre organisasjonar, både private og offentlege, som arbeider innafor foreininga sitt interesseområde.

§ 3 KRITERIUM FOR MEDLEMSSKAP

Alle som vil vera med å fremje foreininga sitt formål kan bli medlem.

§ 4a MEDLEMSKAP I SENIORNETT NORGE

Foreininga sine medlemmer er individuelle medlemmer av Seniornett Norge og betaler kontingent, som kvart år blir fastsett av dei. Referat frå årsmøtet og årsmelding skal sendast til Seniornett Norge.

§ 4b UTMELDING

Medlemskapen er bindande frå innmeldingsdato og fram til 31. desember same år. Seinare følgjer medlemskapen kalenderåret. Utmelding skal skje til leiar.

§ 5 KURSAVGIFT TIL SENIORNETT FØRDE

Seniornett Førde si kursavgift skal følgje skuleåret. Årsmøtet fastset kursavgifta.

§ 6. ÅRSMØTET

Årsmøtet er Seniornett Førde sitt høgaste organ og skal haldast kvart år innan utgangen av mars.

Innkalling vedlagt sakliste, årsmelding, rekneskap, årsplan og budsjett skal sendast/leverast ut til medlemmene skriftleg/digitalt med 14 dagars varsel.

Saker som ein medlem ønskjer å ta opp på årsmøtet, må vere kome skriftleg til styret 4 veker før årsmøtet.

Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret eller 1/3 av medlemmene krev det.

Kvar medlem har ei røyst.

Gyldig vedtak krev simpelt fleirtal, dersom ikkje vedtektene krev noko anna.

Ved likt røystetal avgjer møteleiaren si røyst. Ved personval på årsmøtet skal det vere kvalifisert fleirtal, skulle det etter dette framleis vere likt røystetal blir valet avgjort ved loddtrekning.

Det skal førast protokoll frå årsmøtet. Protokollen skal underskrivast av to medlemmer valde av årsmøtet.

På årsmøtet skal følgjande saker behandlast:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.
2. Val av møteleiar
3. Val av skrivar.
4. Val av to medlemmer til å skrive under møteboka.
5. Styrets årsmelding.
6. Rekneskap og revisjonsmelding.
7. Fastsette kursavgift
8. Arbeids/aktivitetsplan for komande år.
9. Andre saker som er med i innkallinga.
10. Godtgjersle til tillitsvalde
11. Budsjett for komande år.
- 12: Val:
 - Særskilt val av styreleiar for eitt år
 - Val av to styremedlemmer for to år
 - Val av ein varamedlem til styret for eitt år
 - Val ein revisor for eitt år
 - Særskilt val av leiar i valnemnda for eitt år
 - Val av to medlemmer til valnemnda for to år
 - Val av ein varamedlem til valnemnda for eitt år
 - Val av utsendingar til landsmøtet til Seniornett Norge

§ 7 STYRET

Styret skal vere samansett av 3 medlemmer valde på årsmøtet. Styremedlemmene blir valde for 2 år om gongen. Kvart år er skiftevis ein av medlemmene i styret på val. Første gong etter loddtrekning. Styret konstituerer seg sjølv.

Styret held møte så ofte leiaren finn det nødvendig eller når minst to av medlemmene i styret krev det. Styret er vedtaksført når minst to av medlemmene er til stades og stemmer for. Ved likt stemmetal avgjer leiaren si stemme. Vararepresentanten skal innkallast til alle styremøta, utan stemmerett, dersom alle andre i styret møter fram.

Det skal førast protokoll frå styremøta. Dagleg leiarar for foreininga skal inviterast til alle styremøta, men har ikkje stemmerett.

§ 8 OPPGÅVENE TIL STYRET.

- a) Å førebu årsmøtet i samsvar med laget sine vedtekter.
- b) Å leie Seniornett Førde si verksemd i samsvar med vedtektene og dei vedtak som årsmøtet har gjort, og å forvalte dei økonomiske midlane til Seniornett Førde.
- c) Å arbeide for faglege og sosiale tiltak som er til nytte og glede for medlemmene.

§ 9 VALNEMD

Valnemnda er samansett av leiar og to medlemmer med ein varamedlem valde av årsmøte i samsvar med § 6. Kvart år er skiftevis ein av medlemmene på val, første gong etter loddtrekning.

Valnemnda skal gjera framlegg på kandidatar til alle val som skal haldast på årsmøtet. Årsmøtet kan fastsette instruks for valnemnda.

Valnemndas innstilling skal leggst fram skriftleg til styreleiaren ein månad før årsmøtet.

§ 10 VEDTEKTSENDRING.

Endring av foreiningas vedtekter kan berre gjerast av årsmøtet. Det skal stå i innkallinga til årsmøtet kva endringa gjeld. Endring krev 2/3 fleirtal av røystene på årsmøtet.

§ 11 OPPLØYSING.

Årsmøtet kan med minst 2/3 fleirtal av stemmene vedta å oppløyse Seniornett Førde. Stadfesting av vedtaket skal skje på eit ekstraordinært årsmøte etter to månader, men føre fire månader etter det ordinære årsmøtet.

Oppløysning eller nedlegging av ei foreining skal meldast til Seniornett. Eventuelle aktiva skal overførast til Seniornett med formål å styrke arbeidet med organisasjonens foreiningar. Ved fusjon mellom foreiningar skal aktiva bli i den fusjonerte foreininga

Vedtektene er godkjende på årsmøtet 13.03.2025, og gjeld frå same dato..